



# Notat

## Erstatningar ved gravearbeid over landbruksareal

---

**Avsendar:** avdelingsleiar landbruk Torfinn Nærland

**Mottakar:** avdelingsleiar VA

---

Gravearbeid over landbruksareal har fylgjande ulike element som er aktuelle å vurdere;

1. kostnader for tapt avling på fulldyrka jord, innmarksbeite og utmarksbeite i graveåret
2. tapt produksjonstilskot for areal ute av drift
3. kostnader for tapt avling i påfylgjande periode etter graveåret
4. kostnader til reetablering av jordbruksarealet
5. ny grøfting eller reparasjon av grøfter i omgravid jordbruksareal
6. erstatning for ulempe av gravearbeidet

*Dette notatet omfattar ikkje:*

- langvarig lågare avlingsnivå på tilbakelagt landbruksareal fordi gravearbeidet har blitt utført feil. Dette vert ei erstatningssak for tapt avlingsnivå, samt krav om retting av tilstand.
- begrensingar på bruk av jordbruksarealet etter legging av ledningar, røyr eller anna i grunnen. Dette vert ei erstatningsak som må avgjerast ved forhandlingar mellom aktuell part og grunneigar.

### 1. Kostnader for tapt avling på fulldyrka jord, innmarksbeite og utmarksbeite

Dette punktet handlar om når gravearbeidet fører til at normal vekstsesong for grasdyrking vert avkorta heilt eller delvis. Dermed vert avlingsnivået lågare enn normalt. Dette har ein kostnad for bonden, som må skaffe tilsvarende fôrmengde på anna måte.

Ein bør vera litt romsleg i vurderinga av korleis berekne avlingstapet. Avhengig av kor tid på året ein får gjort arbeidet, kan ein få noko avling etter gravearbeidet. Men eg ville i utgangspunktet lagt til grunn at 1 års avling går tapt uansett, dersom ikkje tilbakelegginga skjer i normal tid for våronn.

- Avling vert målt i Fem, som står for Fôreiningar = energieining for fôr til dyr.
- Ved gravearbeid vil det vera forskjellig kor mykje areal som vert beslaglagt på bruket. Dersom det bare er eit avgrensa areal, vil det vera enklast for bonden å auke kraftfôrmengda noko i fôrrasjonen til dyra. Dersom det er større areal, vil det truleg måtte kjøpast inn meir grovfôr. Dette for å unngå at stor mengde kraftfôr skapar problem i

fôrrasjonen og vomfunksjonen til drøvtyggarane.

- Det enklaste er å rekne kostnad til avlingstap ut frå kostnad til kjøp av tilsvarende fôrmengde i form av kraftfôr. Ved å bruke innkjøpspris på kraftfôr vil det verte ein lik pris til alle grunneigarar, uavhengig av dyrkingskostnad og mekaniseringskostnad på det enkelte bruk. Og det er enkelt å forhalde seg til for begge partar. Det bør brukast pris til kraftfôr av middels energinivå. Pr. mars 2023 utgjør dette kr. 5,17 pr. Fem til mjølkekyr.
- Avlingstap for fulldyrka jord  
På flat-Jæren vil ei grasavling på 900-1.200 Fem pr. daa vera ganske normalt for fulldyrka jord. Kjem me litt høgare opp i terrenget i Time, med noko tyngre jord og litt lågare temperatur i vekstseson, vil grasavlinga typisk vera 600-900 Fem. Det er viktig å understreka at det kan vera store forskjellar mellom ulike bruk, og ulike jordskifter.
- Avlingstap for innmarksbeite  
Dette er beite som vert gjødsla. Avlingsnivå på flat Jæren vil typisk vera 400-500 Fem pr. daa. I indre bygder av Time vil avlingsnivået typisk vera 250-400 Fem pr. daa.
- Avlingstap for utmarksbeite  
Dette er beite som ikkje vert gjødsla. Her er det ein del variasjon i avlingsnivå, typisk 50-150 Fem pr. daa. Avlingsnivå er avhengig av kor fuktig eller tørkesvakt arealet er, jorddybde, samt botanisk samansetning.

## **2. Tapt produksjonstilskot for areal ute av drift**

For å kunne søkje areal- og kulturlandskapstilskot for jordbruksareal er det eit vilkår at det vert drive aktiv jordbruksproduksjon. Dvs. at det skal vera utført naudsynt jordarbeiding, såing/planting, gjødsling, hausting / beiting av arealet, i den aktuelle vekstseson. Dette gjeld areal som er klassifisert som fulldyrka, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Det kan ikkje løyvast slikt tilskot til utmarksbeite.

For 2022 er det fylgjande satsar for Time som ligg i sone 2 (satsar for 2023 er ikkje klar):  
Kulturlandskapstilskot kr. pr. daa: 265  
Arealtilskot grovfôr, kr. pr. daa: 50

## **3. Kostnader for tapt avling i påfylgjande periode etter graveåret**

Det vil normalt verta lågare avlingsnivå i ein tidsperiode etter graveåret. Dette skuldast fleire årsaker. Blant anna at jordstrukturen er endra pga. jordpakking og gravearbeid, og den må reetablerast. Blanding av jordmassar ei anna årsak.

Lengden på denne tidsperioden er avhengig av ulike faktorar. Særleg vil vêrforholda under gravearbeidet (tørre og gode forhold versus våte og ulaglege forhold) spela inn, samt sjølve utføringa av gravearbeidet.

Det må difor reknast inn kostnader for tapt avling i ein periode etter sjølve gravearbeidet er ferdig. Det kan vera store variasjonar, men ein bør legge til grunn ein reduksjon tilsvarende 1-2 års avling i sum for den neste 5-års perioden.

## **4. Kostnader til reetablering av jordbruksarealet etter graving**

Dette omfattar normalt fylgjande arbeidsoperasjonar for å få eit godt såbed og ei vellukka reetablering av nytt grasdekke:

pløying – avhengig av kor gjennomgrava arealet er, harving, steinheinting 1 eller fleire gonger, slådding/tromling, såing, plantevern etter framspiring av graset.

Det mest reelle ville vera å hente inn prisar frå 1-2 maskinstasjonar for eit spesifikt areal for alle arbeidsoperasjonane.

Ofte er det mindre og ulaglege areal som skal bearbeidast etter gravearbeid. Dette gjere at m2-prisen bør aukast betydeleg – 30-40% - i forhold til ein større jordbruksparcell som gjev meir rasjonelle arbeidsoperasjonar.

Som eit utgangspunkt kan ein legge til grunn kr. 10 pr. m2. Dette basert på prisar Hå kommune har henta inn i seinare tid. For mindre mindre og ulaglege parsellar bør det leggjast til 30-40% pr m2.

## **5. Ny grøfting eller reparasjon av grøfter i omgravd jordbruksareal**

Avhengig av jord- og dreneringsforholda for det omgravde arealet, er det behov for å grøfte jorda på ny. Dette bør gjerast etter at jorda har fått satt seg etter gravearbeidet. Har det tidlegare vore gamle steingrøfter i det omgravde arealet, må dette arealet grøftast på ny då det er vanskeleg å reparere desse på ein tilfredsstillande måte.

Ved mindre gravearbeid kan det vera nok å reparere avgravde grøfter.

Me legg til grunn at all grøfting og reparasjon av grøfter skal utførast av kommunen/entreprenør, og at grunneigar ikkje skal ha kostnader til dette.

Kommunen bør vidare ta på seg kostnad til utbetring av grøfter som ikkje fungerer i ein 5-års periode etter avslutta grøftarbeid. Dette då grøftene må få satt seg og det kan ta tid før problema med mangelfull grøfting viser att.

## **6. Erstatning for ulempe av gravearbeidet**

Gravearbeidet fører til ulempe for grunneigar i drifta av gardsbruket og jordbruksarealet. Det går blant anna tid til administrasjon, samarbeide og avklaringar kring gravearbeidet.

Det vil normalt verte meir steinhenting i omgravd areal i mange år etter omgravinga.

Dette må kompenseras etter nærare avtale med grunneigar.